

Delta i debatten,
skriv til oss!

Send ditt innlegg til
debatt@nasjonen.no.
Innlegg kan også sendes pr. post til

Nasjonen, Postboks 9390 Grønland, 0135
Oslo. Mer konvolutt «debatt». Innlegg
som sendes elektronisk blir prioritert.

Kronikk: Max 5000 tegn med mellomrom.
Leserinnlegg: Max 2500 tegn med mel-
lomrom. Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til
å forkorte innsendt stoff og til å publi-
sere det elektronisk.

KRONIKK



Symbol: Maten skal transformerast frå å vere ei vare meint for å metta folk til no å vere fylt med innhald som natur og kultur, skriv kronikkforfatteren.

FOTO SCANPIX

Dei som sel landet

Når eg hevdar at post-modernismen har fått for stor tyngde i den rådande retorikken kring norsk bygdeutvikling, meiner eg ikkje at bønder, bygdeutviklarar eller bygdeforskarar er postmodernistar. Det eg hevdar er at postmoderne teori har gjort noko med oss, den har gjort noko med korleis me betraktar det rurale – altså korleis me ser på bygdene og dermed også for kva rolle bygdene våre har fått tildelt. Det er nett denne gjennomslagskrafta og implikasjonane dette har for grendene som uroar meg.

Dette er ei uro som seniorforskarar Jostein Vik ved Norsk senter for bygdeforskning tydelegvis ikkje delar. I ein kronikk i *Nasjonen* laurdag 7. november går han i debatt med mine to innlegg «Vondtet i norsk bygdeutvikling» (Syn og Segn nr 3, 2009) og «Middelklassebygda» (Dagen Næringsliv 1. oktober 2009). Han argumenterar for at sidan berre 5 prosent av bøndene driv med produksjon av mjuke ostar, så eksisterar det ingen retorikk med referanse til post-modernismen i bygdeutviklinga. Men sjølv om bøndene ikkje kastar seg på trenden betyr ikkje det at trenden ikkje finst, det fortel einast at det sunne bondevitet finst. Slik sett har nok bygdeutviklarar og prosjektmakarar noko å lære av norske bønder.

Vik erkjenner ganske enkelt ikkje at det eksisterar tendensar til varedanning, eller kommodifisering som akademikarane gjerne likar å kalle det, kring om i dei norske grendene. Han ser ikkje at satsinga på småskala nisjeproduksjon og marknadsføringa av grendene som attraktive bustadar for hippe kontraurbanistar og flyktige turistar har nokon ulemper. Det verkar ikkje som han ser at det

teoretisk sett **kan** eksistere ulemper heller. Rådet frå Vik, slik eg les han, er berre; meir av same sorten.

Uansett må eg få lov å takke Jostein Vik for at han tek imot min invitasjon til debatt. For det fyrste er dette er ein viktig debatt som no kanskje kan sige inn her heime. For det andre gjev det megeit høve til å presisere kva eg tidlegare har skrive. For ein ting har Vik rett i; eg har skote frå hofta i mine to tidlegare innlegg, men det er ikkje det same som at eg har bomma.

Varedanninga, eller det å framstille og å skulle selje grendene og det rurale som ei vare, kom som ein konsekvens av det den mangeårige redaktøren for det vitenskaplege tidsskriftet *Journal of rural studies*, Paul Cloke, kallar «det kulturelle skiftet» i bygdesosiologien. Eit skift som fylgde i kjølvatnet av moderniteten vert det hevda. Det kom ein gong kring midten på 90-talet og vart introdusert av det britiske ruralsosiologimiljøet med geografen Keith Halfacree i spissen. Inspirert av den franske kultursosiologen og post-modernisten Jean Baudrillard, som antyder at symbolikken er i ferd med å få forrang framfor materialiteten, tok bygdesosiologifaget inn over seg sosial-konstruktivismen. Me såg med andre ord ei vitenskapleg vending i bygdesosiologien. Frå mesta utelukkande å ha vore opptatt av materielle faktorar vart det skapt ein bygdesosiologi som fekk auka interesse for omgrep som meningsinnhald, identitet og representasjon. Etter kvart som det vitenskaplege miljøet tok opp i seg desse omgrepa fekk dei også gjennomslag i bygdeutviklingsarbeidet.

Eg registrerar at Vik ikkje greier å lese dette ut av det eg har skrive, men vel å tolke meg slik at eg skulle meine at han og andre bygdesosio-

logar er ihuga post-modernistar. Det lyt eg ta på mi eiga kappe og prøve å vere meir presis og mindre flåkjefta i framtida. Det endrar likevel ikkje på det faktum at postmodernismen sitt innslag i bygdesosiologifaget har hatt implikasjonar på norsk bygdeutvikling generelt og på bygdene våre spesielt.

I praksis har det gitt seg utslag i at det rurale vert nytta som effektar i marknadsføringa av symbolprodukt tett knytt til den urbane middelklasseelite sine interesser. Også sjølv bygda kan seiast å verte marknadsført som ei vare og lagt ut for sal i bitar til flyktige shoppingar av den rurale idyll. Bøndene og dei rurale tilbydarane skal «pakke inn» produkta sine i stadeigne miljøvennlege symbol. Maten skal transformerast frå å vere ei vare meint for å metta folk til no å vere fylt med innhald som natur og kultur. I festtalane snakkar statsrådene om eit «sug i markedet». Økonomar og marknadsforskarar ber på lovnaden om gevinstar for dei som evnar å legge meirverdiar til produkta. For dei som hevdar å kjenne marknaden er det «vanskelig å ikke få en 'før flodbølgen' følelse når en analyserer markedet».

Eg registrerar at Vik meiner at eg «tegnar et altfor ensidig negativt bilde av økonomien i de tilleggsnæringene norske bønder driver med». La meg då få presisere at økonomien i desse næringane ikkje er nemnt med eitt einaste ord i nokon av mine to innlegg. Når Vik likevel nemner det kjenner eg ei gnagande uro om at det kanskje kan vere verdt å sjå nærare på nettopp økonomien. Representerar desse nye symbolproduserande aktivitetane ei nemneverdig timelønnsforbetring for bønder og bygdefolk? Er me berre i ferd med å skape fleire ikkje-berekraftige næringar innan ein landbruks-

sektor som nett leitar etter måtar å bøte på manglande inntekter? Eller er det eigentleg einast våre eigne ønskjer om distingverande symbolprodukt som vert stetta?

Uansett er det skapt ein ny retorikk, ein retorikk som gjev vind i segla for symbolprodukta. Stemninga i dei agrare grendene er snudd, vert det sagt. Og der den ikkje vil snu av seg sjølv skal den snuast. Reklamefolk, bygdeforskarar og konsulentar har vorte reisande i bygdeoptimisme og ruralt gladbodskaap. Næroset på Ringsaker har utnemnt seg sjølv til fristat og teke merkevarenamnet «Lucky Næroset» og har gjort seg landskjende med fjernsynssendte jippoar om fantasi og humor i bygdeutviklinga. Og på Vestlandet har ei gruppe strilar gått saman frå sirklane kring «Humørbonden» Geir Styve, og laga «Humørbygda» med eigen «Humør-vimpel» og det heile. Og kven veit? Personleg meiner eg det tykkjast fornuftig å tru at det verkar, men likevel ufornuftig å late vere å reflektere over konsekvensane det kan ha.

Det er nett det som er mitt poeng, me treng å stoppe opp å tenke. Me treng å reflektere kring konsekvensane dette fører med seg for bygdene våre. Me treng å stille spørsmål om kva det gjer med dei som bur i grendene når ein til stadigheit skal gjere seg lekker for det urbane blikk. Me treng ei pause i kommodifiseringa av dei norske bygdene og spørje om dette er rette vegen å gå. Me treng å slakke vår iver etter å selje Bygde-Noreg og reflektere kring konsekvensane det har både for forholdet mellom bygdefolk og for bygdene i mellom.

Bjørn Egil Flø
forskar, Norsk senter for bygdeforskning

LANDBRUK

Økologisk i framgang

Lederartikkelen i *Nasjonen* 11.11 gir en grei beskrivelse av et år med noe nedgang i økologisk matvaresalg som følge av finanskrisen. Veksten har vært stor over flere år. Videre gir lederartikkelen en viktig støtte til satsingen på økologisk landbruk, for å styrke arbeidet med bærekraftig matproduksjon. Den påpeker det uheldige med Nortura svekka betaling til produsentene. Noen av oss husker med skrekk hva som skjedde når produsentene etter rekordproduksjon av økologisk korn for noen år siden, ikke fikk avtalt tillegg, og mange sluttet på grunn av dette med økologisk produksjon. Det har tatt mange år for å bygge dette opp igjen.

Den som har skrevet lederartikkelen, har bommet på regjeringens målsetting. 15 prosent-målet for økologisk produksjon og forbruk ble etter forslag fra Oikos utsatt til 2020 i Soria Moria 2 erklæringen, fordi vi trenger noe mer tid. Målsettingen er likevel svært ambisiøs og krever omfattende tiltak framover. Hyggelig er det at antall økoprodusenter har økt mye i 2009.

Reidar Andestad
daglig leder i Oikos

ENERGI

Bioavgift

Dette kan ikke være sant, men det ble likevel bekjentgjort i dag, søndag 15/11-2009. En villfarene regjering, dominert av avgiftskåte Ap, har trumfet gjennom det helt ulogiske vedtaket om å illegge avgift på biodiesel. Og enda vil de ha oss til å tro at klimaet er viktig å få gjort noe med! Biodrivstoff er klimanøytralt, og nå som Norske Skog vil utvikle biodiesel fra trevirke, vil det gi en enorm mulighet til både å foredle fornybart råstoff som vi har mer enn nok av, og i tillegg opprettholde arbeidsplasser på Follum. I tillegg vil den biodrivstoff-fabrikken som er i drift få mulighet til å overleve.

Det var nå å håpe at fornuften vil seire, og at vettet vil sige inn i hodene på nok av representantene fra Ap og fra SV. Senterpartiet har jo signalisert at de er sterkt imot denne avgiften, og da må vi håpe at dette ikke går gjennom i Stortinget.

Nils Halvor Skinnnes